


Årsplan for Hyllestad barnehage 2025/2026



**EG KAN, EG VIL, SAMAN FÅR VI
DET TIL!**

Hyllestad barnehage
Lifjordvegen 5, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 95 55
E-post: britt.marit.borve@hyllestad.kommune.no
avd. Skifer tlf. 90 69 10 36
avd. Granat tlf. 90 68 87 14
avd. Glimmer tlf. 91 87 58 65
avd. Konglomerat tlf. 91 87 58 66




Barnehagen sin visjon:

**EG KAN, EG VIL
SAMAN FÅR VI DET TIL**

Barnehagen ligg i Hyllestad sentrum, nedanfor kyrkja og kommunehuset med utsikt mot sjøen. Barnehagen vart bygd om hausten 2012, og vi flytta inn i «ny» barnehage januar 2013. Vi har 4 avdelingar, 2 avdelingar med barn frå 0-3 år, og 2 avdelingar med barn frå 3-6 år. Vi har kalla opp avdelingane etter steinartane i kvernstein - Glimmer, Skifer, Granat og Konglomerat. Våren 2025 fekk vi tilbygg med ny garderobe for dei vaksne.

Planleggingsdager:

15. august 2025 (fredag)
7. november 2025 (fredag)
2. januar 2026 (fredag)
9. mars 2026 (mandag)
15. mai 2026 (fredag)



Verdigrunnlaget til Hyllestad barnehage

I Hyllestad barnehage skal vi i samarbeid og forståing med barna sin heim:

- Arbeide for at alt vi gjer er til barnets beste.
- Jobbe for å gjere kvarandre gode slik at små og store blomstrar, utviklar seg og vert den beste versjonen av seg sjølv.
- Lære barna å vise respekt og toleranse for andre menneske og alt levande
- Gje barna ein god barndom med vekt på læring gjennom lek, trivsel og vennskap.

Trygt og godt barnehagemiljø

I tråd med kapittel VIII i Barnehagelova skal alle barn ha eit trygt og godt psykososialt miljø i barnehagen.

Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som utestenging, vald, mobbing, diskriminering eller trakassering. Alle som arbeider i barnehagen har plikt til å gripe inn dersom eit barn blir utsett for slike handlingar. Vi jobbar førebyggjande for å fremje trivsel, lek, helse og læring.


I Hyllestad barnehage jobbar vi kvar dag med å lage gode dagar for barna. Vi er tett på, rettleiar og støttar barna i samspel med kvarandre, slik at alle skal trivast og kjenne seg trygge.

Dersom barn, foreldre eller tilsette melder frå om, eller uttrykkjer uro for eit utrygt miljø, skal saka undersøkast straks, slik at barnet vert ivareteke.

Barnehagen har aktivitetsplikt, og i samarbeid med foreldra skal ein om nødvendig sette i gang å sikre og dokumentere tiltak i ein aktivitetsplan. Denne planen forpliktar barnehagen og foreldra til å jobbe systematisk for å sikre eit trygt og godt barnehagemiljø.



August 2025



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
31 Ferie barnehagen er stengt					1	2	3
32	4 ODIN 5 ÅR!	5	6	7	8	9	10 LIVE 2 ÅR!
33	11	12	13	14	15 Planleggingsdag Barnehagen er stengt	16 OLINE 2 ÅR!	17
34	18 Start nytt barnehageår	19	20	21	22	23	24
35	25	26	27	28	29	30	31

Dei første vekene vil vi bruke til å verte kjende med kvarandre, både små og store. Nokon barn byrjar på ny avdeling og nye barn byrjar i barnehagen. Nytt vennskap blir etablert og gamle skal pleiast. Det er barna sin frie leik som står i fokus den første tida og vi vert mykje ute. Vi vil jobbe med å få til gode rutinar, slik at kvardagen blir så god som mogeleg for barna. Elles snakkar vi mykje om korleis vi vil ha det i lag i barnehagen.

Hyllestad barnehage sin dagsrytme:



Klokka	06.45	08.00-08.30	09.30	09.45-11.15	10.45/11.00	Kl. 12.00	14.00	14.30 - 16.15	16.15
	Barnehagen opnar Frileik fram til frukost	Frukost	Samlingsstund	Tema/ Inneaktivitet Uteaktivitet (Aktiviteter knytta til fagområda)	Måltid	Sovetid/ Kvilestund Roleg aktivitet/ frileik for dei som ikkje søv	Fruktmåltid Frileik ute/inne	Uteleik/ Inneleik Henting	Barnehagen stengt

I barnehagen treng barnet ditt å ha med seg:

Dei minste (0-3 år)	Eldre barn (2-6 år)
Matpakke til frukost (brødskeiv med pålegg barnet likar, frukt, havregrøt)	
Bleier	(Bleier)
Anti-skli sokkar/sandalar	Tøflar/sandalar
Ekstra bytteklede, helst to sett	

VIKTIG!
Du trenger ca. 10 minutter til å førebu barnet ditt for å gå heim. Ver grei å komme i god tid før barnehagen stenger.

Skotøy og ute klede som høver for årstid og vær:

Regnbukse, støvlar og ullsokkar, tynn dress og ytterjakke. Vekslande regn og kaldt: krev mykje bytteklede, ullgensar og kanskje tynne hanskar.

Om vinter: varm dress, ullgensar, ullsokkar, varme hanskar/vottar, hals, hue



VIKTIG :
Siste fredag i kvar måned skal uteklea heim for å sjekke om dei treng ein vask, strikk under foten m.m.

VIKTIG MELDING:
Er kleda merka vert dei med heimatt!!!
Umerka klede er "eigars" ansvar.



September 2025



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
36	1	2	3	4	5	6	7
37	8	9	10	11	12 RONJA 5 ÅR!	13	14
38	15	16	17	18	19	20	21
39	22	23 FILLIP 2 ÅR! Foreldremøte 18 - 20	24 NIAM 5 ÅR!	25	26	27	28

Avdelingane har avdelingsmøte kvar 2. veke, og møtedag er tysdag. Pedagogisk leiarmøte har vi annakvar måndag.

Tema: Haust; kva skjer med naturen om hausten. Brannvern; i veke 37, 38 og 39 vil vi ha fokus på brannvern og brannøving.

Språk og språkstimulering har vi fokus på heile tida i kvardagen vår. Vi snakkar med barna om det vi gjer i rutinesituasjonar (måltid, påkledning, stell), i lek og samspel. Vi syng og jobbar med språk, språklydar, omgrep, rim, regler og klappar rytme i namna våre.



Satsingsområde 2025 - 2026: Barns atferd – sosial kompetanse og grensesetting

Barnehagen skal fortsette arbeidet med å lage trygge og gode rammer rundt barna. Dette barnehageåret fortset vi å halde fokus på barns atferd – sosial kompetanse og grensesetting. Barnehagen har over år jobba med å snu den negative utviklinga ifht fysisk atferd og språkbruk, og med foreldra på lag har vi målsetting om:

Overordna mål: Barn tek hensyn og viser respekt for andre barn og vaksne

Delmål: Dei vaksne i Hyllestad barnehage jobbar for at barna:

- Viser empati og omsorg for andre
- Tek imot beskjedar og samarbeider
- Lærer å bruke ord i løysing av konflikhtar
- Lærer å snakke fint til, med og om kvarandre.



« Barn vil om dei kan »

I rammeplanen(s.22-23) står det:

«Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov.»

Dette satsingsområdet jobbar vi ilag med foreldra om. Det har vore fokus over fleire år, og vi ser at jobbar vi ilag så skjer det ei positiv utvikling. Det er viktig å ha god dialog mellom heim og barnehage og støtte kvarandre i arbeidet med å rettleie barna i samspel med andre menneske. Foreldra får tilbakemeldingar i det daglege ved henting, og ynskjer å få tilbakemeldingar om både positive og utfordrande ting. Det vi vil ha meir av er det vi må fokusere på!

Ein viktig del av det å fungere godt sosialt er å ha eit språk der ein gjer seg forstått/kan kommunisere med andre. I barnehagen jobbar vi med å legge til rette for god språkleg utvikling, og har eit tett samarbeid med PPT for å sikre dette. Barnehagen får rettleiing, tips, råd og god støtte i arbeidet med å jobbe best mogleg for å støtte alle barn si språkutvikling. Vi jobbar i tillegg med å sikre at dei som strever/har utfordringar får ekstra støtte. I barnehagen vår arbeider vi både direkte i dagleg samspel/samtale med enkeltbarn på avdeling, smågrupper med fokus på språklege aktivitetar og 1 til 1 der det er nødvendig. Å jobbe med språk skal vere ein naturleg del av kvardagen og vere leikprega.





Oktober 2025



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
40	29.sept	30.sept	1	2	3	4	5
41	6	7	8	9	10	11	12
42	13 PHILLIP 5 ÅR!	14	15	16	17 Refleksdagen	18	19
43	20	21	22	23	24 FN-dagen Forutkafè kl. 14.00-15.30	25	26
44	27	28 VIKTOR 3 ÅR!	29	30	31		

Vi jobbar med hausten og vil vere mykje ute. Dei vaksne si viktigaste oppgåve er å sjå at alle barna får vere med i leiken og at alle trivst. Vi observera korleis barna leikar, at dei får delta i ulike aktivitetar og elles prøver vi å inspirere til eit positivt samspel.

Foreldresamtalane vil starte denne månaden. Vi tek opp korleis barna trivast, og korleis oppstarten i barnehagen har gått, kven dei leikar med m.m. Tenk gjennom kva du som foreldre ynskjer å snakke om for at barnet skal få ein god kvardag i barnehagen.

Barnehagen sin digitale praksis:

I rammeplanen står det; «Barnehagens digitale praksis skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal dette støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive sammen med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukes med omhu og ikke dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utvikler en begynnende etisk forståelse knyttet til digitale medier»

Mange barn har mykje erfaring med skjerm allereie, og det er auka fokus på i samfunnet vårt at skjermbruk for dei minste barna bør regulerast i forhold til tidsbruk og innhald. Det er lagt fram anbefalingar, og høringa er under behandling (dette finn du info om på helsedirektoratet sine sider).

I barnehagen legg vi vekt på at digitale verktøy skal vere ein del av pedagogiske verktøy som vi brukar i kvardagen vår. Det er viktig at barna lærer seg kva vi kan bruke dei digitale verktøya til. Barna får samarbeide, utforske, leike, teikne, lære og sjølv skape noko gjennom digitale uttrykksformer.

Ulike pedagogiske digitale verktøy vi har i barnehagen er pc, berøringsskjerm på avdeling, kamera(på mobil), mikroskop og kopimaskin, og desse verktøya vert nytta for å supplere/forsterke det vi jobbar med. Barna får sjå bilete frå turar dei har hatt og deler minner/gode opplevingar ilag. Vi skriv ut bilete og henger opp på avdelingane/i fellesrom. Vi brukar digitale verktøy til å utforske, søke informasjon og utvide kunnskapen vår om tema vi er opptekne av. Digitale verktøy er spennande å bruke for å finne svar på ting som vi undrar oss over!

Det er også pedagogiske spel og program og filmar i forbindelse med tema-arbeid som støttar opp under tema som Forut, vennskap, dyreliv, årstid. Vi brukar og berøringsskjerm for å gje barna felles

opplevingar som dei kan med seg inn i leiken. Når barn har felles forståelse for eit tema vert det enklare for dei å bearbeide/leike det ut i rolleleiken. Berøringsskjermen skal brukast i det pedagogiske arbeidet ilag med dei vaksne. Vi veit at de som foreldre er oppteken at barna ikkje skal ha for mykje skjermtid og det er vi også.





November 2025



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
44						1	2
45	3 MYKYTA 4 ÅR!	4	5	6	7 Planleggingsdag barnehagen er stengt	8	9 Farsdag
46	10	11	12	13	14	15	16
47	17	18	19	20	21	22	23 EIRA 4ÅR!
48	24	25	26	27	28	29	30 1.advent

Månadsnytt:

Foreldresamtalane held fram denne månaden og. Siste veka i november lagar vi til "adventskroken". I adventskroken samlast vi kvar dag til ei samling med prat, song, adventskalender og tenning av lys. Vi sender ut julelappen siste veka i november der foreldra melder på til romjulsbarnehage om dei har behov for det(+ arrangement, kyrkjebesøk m.m.)

HELSE OG KOSTHALD

Måltid i barnehage: Barn ete fleire av sine måltid i barnehagen og det utgjer ein stor del av det totale kosthaldet. Kokk/kjøkkenmedarbeidar i barnehagen har fagkompetansen som trengs for å kunne legge til rette for eit sunt, godt og variert mattilbod til barna. Dei legg til rette for gode matvanar, lagar spennande og variert mat for ein mangfaldig barnegruppe. Barnehagen har kjøkkenmedarbeidar som lagar varm lunsj to gonger i veka. Dei andre dagane i veka serverer vi brød, pålegg med grønnsaker til lunsj og frukt/grønnsaker/yoghurt til fruktmåltidet.

BURSDAGSFEIRING I HYLLESTAD BARNEHAGE

Vi markerer bursdag med frukt og samlingsstund med krone og bursdagssong. Vi vil ha fokus på tilhørighet og å bygge godt sjølvbilde hjå barn i gruppe.



LÆRING GJENNOM LEIK

"Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetningar." (Barnehagelova § 1 Formål, 2. ledd)

I Hyllestad barnehage skal barn:

- få vere aktive - Det skal vere god plass til fysisk aktivitet både inne og ute. Borna skal få lov til å utfalde seg og få varierte opplevingar - vi vil ha vaksne som er undrande og utforskande i lag med borna.
- vi vil vere mykje ute i skogen - vi vil ha vaksne som likar å vere ute og som finn på kjekke aktivitetar i lag med borna.
- Alle skal oppleve meistring - Dei vaksne skal sjå og kommentere det vi ser barna prøver å greie og kanskje får til!
 - Forventning og tillit er bra!
 - Vi vil ha vaksne som har det moro i lag med ungane - Fordi glede smittar!
 - Barna skal få delta i praktiske gjeremål og meningsfylte aktivitetar,

FYSISK AKTIVITET:

I Hyllestad barnehage skal barna vere mykje ute. Det er eit mål at vi brukar nærmiljøet til turar og får ei positiv haldning til friluftsliv og naturopplevingar. Barna får utfalde seg i ulendt terreng, klatre i tre og studere alt som skjer i naturen året rundt.





Desember 2025



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
49	1	2	3 VASILIJE 2 ÅR!	4	5	6	7 2.advent
50	8	9 Nissefest 14 – 15.30 	10	11	12	13 Luciadagen	14 3.advent
51	15	16 MINA 4 ÅR!	17 Besøk i kyrkja kl.10	18	19	20	21 4.advent
52	22	23	24 Julaften Barnehagen er stengt	25 1.juledag Barnehagen er stengt	26 BIRGER 4 ÅR! 2. juledag Barnehagen er stengt	27	28
1	29	30	31 Nyttårsaften Barnehagen er stengt			NISSEFEST m/raude huer / kle og risengrynsgraut. Kjem nissen i år og?	

Månadsnytt:

Tema: Jul og juleaktivitetar.

Vi vil gjennom song, forteljingar, julemusikk, lukter, lys og fellesskap skape ei roleg og stemningsfull tid fram mot julehøgtida. Vi ynskjer å by på ro og kos utan altfor mange aktivitetar, men vi skal ha nissefest 😊 Nytt av i år er at vi arrangerer nissefest/førjulsfest for barnehagebarn og foreldre ilag. Dei som ynskjer det er med på ei lita gudsteneste i kyrkja.

Her kan barna teikne 😊



Januar 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
1				1.nyttårsdag Barnehagen er stengt	2.jan OLINE 2 ÅR! SOFIE 3 ÅR! SOFIA 6 år! Planleggingsdag Barnehagen er stengt	3	4
2	5	6 MAKSIM 4 ÅR!	7	8	9	10	11
3	12	13	14	15	16	17	18
4	19	20	21	22	23	24	25
5	26	27	28	29	30	31	

Månadsnytt: Ofte opplever vi at barna har behov for «å roe ned» etter jula, og difor satsar vi på mykje lesing, speling, og å nyte vinteren med det den byr på av snøaktivitetar. Årstid: Vinter, snø, is og vatn.

Foreldresamarbeid

"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barn sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling." (Barnehagelova § 1 Formål, 1.ledd)

Det er foreldra/føresette som har ansvaret for borna si oppseding og danning. Barnehagen representerer eit kompletterande miljø til heimen og barnehagen skal vise respekt for ulike familieformer.

Vi vil ha fornøgde foreldre og kontakten skal bygge på forståing og samarbeid. Med forståing meinast gjensidig respekt og anerkjenning for kvarandre sitt ansvar og oppgåver i høve barnet. Foreldre/føresette og personale har eit felles ansvar for at borna trivst og utviklar seg på ein best mogeleg måte. Foreldre/føresette skal vere trygge på at barnet deira vert sett og respektert. Dei skal kunne ta opp ting som vedkjem barnehagen eller barnet sitt, når det måtte passe og sjølv om det skulle innebere kritikk.

Vi ynskjer at det skal vere tid og høve til uformell kontakt ved levering og henting, sjølv om det mange gonger er svært travelt på desse tidene. To individuelle foreldresamtalar (haust og vår) ligg fast, men dersom det er ynskje eller behov tek vi samtalar gjennom heile året. Kvar haust har vi foreldremøte for alle foreldra, og på våren har vi foreldremøte for foreldra som har barn som skal starte på skulen komande haust.

«Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra/føresette og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet.» (Rammeplan).

I Hyllestad barnehage er alle foreldra som har barn i barnehagen del av foreldrerådet. Det er vald to representantar som skal representere foreldra inn i samarbeidsutvalet(SU). Dette skjer på foreldremøtet kvar haust. SU representantar kan ta attval om dei ynskjer det.

SU skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnende organ. Samarbeidsutvalet skal fremje samarbeidet mellom heim og barnehage og har rett til å få seg førelagt saker av betyding, før avgjerd vert fatta.

SU skal det kommande barnehageåret arbeide med å lage eit årshjul for å ha ein god plan for saker/tema/auka fokus på saker dei ynskjer å fremje/jobbe med.





Februar 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
5							1
6	2 FRØYA 2 ÅR!	3	4	5	6 Den samiske nasjonaldagen	7	8 Morsdag
7	9	10	11	12	13	14	15 Fastelavn
8	16 Ramadan starter (kveld)	17	18	19	20	21	22
9	23	24	25	26	27 SELMA KONSTANSE 6 ÅR!	28	1.mars

Månadsnytt:


Vårt "karneval" er sjølvsagt først og fremst for moro. Vi kler oss ut, dansa og har det kjekt i lag.

Vi markerar samefolkets dag 6.februar i barnehagen og jobbar med tema i forkant.

Ramadan startar 16.februar om kvelden, og sluttar i mars.

PS. Er det nokon som tek fri når skulen har vinterferie, er vi glad for å få melding om det.

ÅRSHJUL TEMAARBEID I BARNEHAGEN





Mars 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
10	2	3	4	5 ADRIAN 5 ÅR!	6	7	8 Kvinnedagen
11	9 Planleggingsdag Barnehagen er stengt	10 Barnehagedagen «Rom for alle»	11	12	13	14	15 Frist for å søke barnehageplass og SFO-plass!
12	16	17	18 Ramadan (forventet) slutt(kveld)	19	20 Feiring av ID	21 MARI OTILIE 2 ÅR! EA 1 ÅR!	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

Månadsnytt: Ramadan er slutt rundt 18.mars. ID - feiring etter det (ca. 20.mars)

Vi har utetid i all slags vær, går turar og studerer årstid og natur, og ete kanskje skiva ute med vottar på.

Barnehagedagen - Barnehagedagen er ei årleg markering der barnehagane viser fram og synleggjere barnehagens aktivitetar og mangfold. I år er tema «Rom for alle» og fellesskap og inkludering er i fokus.

Byrja å førebu påske - påskeaktivitetar, snakkar om kvifor vi feirar påske.

MEDVERKNAD I BARNEHAGEN

I Hyllestad barnehage skal barna ha reell medverknad utifrå alder og utvikling. «Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.» (Rammeplanen)

I barnehagen har vi desse måla:

- barna skal bli møtt av vaksne som er opne for barna sine innspel
 - barna skal ha rett til å vere unik og seg sjølv, og samstundes lære å ta del i fellesskapet.
 - barna skal vere med å planlegge og vurdere innhaldet i barnehagen
 - barna skal takast med på råd på saker som vedkjem barnehagekvardagen deira
 - synleggjere for barna at dei får vere med på å bestemme og vurdere
 - dokumentere barnas medverknad (loggbøker, bilete, film, historier m.m.)
- Barna er med å planlegg og vurderer aktivitetar, turar, måltid osv.

Medhjelpar:

Alle barna får vere medhjelpar kvar sin gong.
Planlegg samling, turar og aktivitet m.m. i lag med ein vaksen.
Dei minste barna får vere med etter alder og modning.

OMSORG

Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagslivet. Omsorg i barnehagen handlar om relasjonar og tryggleik. I barnehagen skal nærleik, vilje til å sjå og å høyre og innleving prege samspelet mellom barn og vaksne. Personalet skal vere rause og gje borna rom til å vere seg sjølve, glede og humor og ein ikkje sensurerande haldning skal prege samspelet og kulturen i barnehagen. Så skal vi sjølvstendig og hjelpe borna til å fylje reglar, normer og sosiale krav.



SOSIAL KOMPETANSE

Målet vårt for dette er at barna skal bli sosialt kompetente i sin kvardag. For at barna skal klare seg i samfunnet er det viktig at dei tileignar seg sosial kompetanse, dvs. evne til å meistre samspel med andre og lykkast å omgå andre på ein positiv måte.

Vi vaksne skal vere gode modellar og støttespelarar for barna. Barna lærer av erfaringane dei gjer seg, det er derfor viktig å gripe tak i "her og no" situasjonar som oppstår i kvardagen. Snakke om det som har skjedd og gjerne dramatisere hendingar i samling etterpå, for å lære av dei.

Vi har tre pedagogiske opplegg vi kan jobbe ut i frå: «Du og eg og vi to» (Truls og Trine) av Kari Lamer, «Steg for steg» utgitt av Nasjonalforeininga for folkehelsa og «Ti små vennebøker» av Linda Palm og Lisa Sollenberg



LIKESTILLING

Likestilling er forankra i formålet i barnehagelova. I rammeplanen står det vidare «Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.» (Rammeplan)

I Hyllestad barnehage legger vi til rette at både gutar og jenter skal ha like moglegheiter, rettigheter og plikter uansett kjønn. Vi møter kvart enkelt barn som den unike personen det er.

Det handlar om å gje barna 100 måtar å vere på - i staden for 2. Difor må vi vaksne vere bevisste og stadig arbeide med haldningane våre slik at likestilling blir ein del av kvardagen i barnehagen.



April 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
14			1 Barnehaugen stenger kl.12.00	2 Skjærtorsdag Barnehaugen er stengt	3 VÅRIN 2 ÅR! Langfredag Barnehaugen er stengt	4	5 LUKAS 3 ÅR! 1.påskedag
15	6 2.påskedag Barnehaugen er stengt	7	8	9 ALFRED 5 ÅR!	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24 AMANDA 2 ÅR!	25	26
18	27	28	29 SION MATEO 5 ÅR!	30			

Månadsnytt: Tema: Vår og påske.

Vi fylgjer med på endringane i naturen og korleis det spirer og veks.

Foreldresamtalar- Vi tek opp korleis barna trivast i barnehaugen. Vi har fokus på utvikling, vennskap og leik barn har i barnehaugen. Tenk igjennom kva du som foreldre ynskjer å snakke om for at barnet skal få ein god kvardag i barnehaugen.

TRAFIKKTRYGGLEIK

Trafikksikker kommune - for barnehagen har vi følgjande kriteria som skal oppfyllest:

Trafikksikkerheit i barnehagen:

- Barnehagen si trafikkopplæring vert integrert som ein del av omsorgs- og opplæringsarbeidet og vert nedfelt i barnehagen sin årsplan.
- Barnehagen stiller krav til busselskap og drosjer om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester.
- Barnehagen sine tilsette kjenner til rutinar for handtering av uforutsette faresituasjonar og hendingar på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å ivareta sikkerheita på turar til fots, med bil og kollektivtransport.

Hyllestad kommune fekk godkjenning som trafikksikker kommune 25.06.2024. Godkjenninga har varigheit i tre år.

Trafikkopplæring i barnehagen:

- Barna får opplevingar og erfaringar om trafikkregler for fotgjengarar. Vi brukar læringsverktøy frå Trygg Trafikk.
- Barna får opplevingar og erfaringar om bruk av sansane sine i trafikken. Vi går turar langs trafikkert veg, øver korleis vi skal krysse vegen, og fortel kva skilta betyr.
- Barn får opplevingar og erfaringar om bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks. Når vi er på tur og må bruke bil eller buss har vi fokus på at barna er forsvarleg sikra etter forskriftene.
- Vi markerar refleksdagen og delar ut refleks til alle barna.

Samarbeid mellom barnehage og heim:

- Barnehagen har rutinar for å ivareta barnas sikkerhet ved barnehagens parkeringsplass og port. Desse gjennomgår vi årleg med foreldre og personale.
- Barnehagen påverkar foreldra til å sikre barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikksikkerheit og trafikkopplæring bør vere eit årleg tema på foreldremøte.





Mai 2026



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
18					1 Offentleg høgtidsdag Barnehagen er stengt	2	3
19	4	5	6	7	8	9 BENJAMIN 6 ÅR!	10
20	11	12	13 EMIL 1 ÅR! OLIVIA 4 ÅR!	14 Kristi Himmelfartsdag Barnehagen er stengt	15 Planleggingsdag Barnehagen er stengt	16	17 Grunnlovs- dag
21	18	19	20	21	22	23 MAIKEN 5 ÅR!	24
22	25 2.pinsedag Barnehagen er stengt	26	27 MIA 3 ÅR!	28	29	30	31

Månadsnytt:

Tema: Nasjonaldag - 17. mai

Vi øver på dei tradisjonelle nasjonalsongane og finn ut korleis andre land feirar nasjonaldagen sin. Vi feirer mini 17.mai i barnehagen, og øver oss på å gå i tog og vise oss fram i nærmiljøet på Hyllestad. Foreldresamtalar - vi tek opp korleis barna trivest i barnehagen. Vi har fokus på utvikling, vennskap og leik barn har i barnehagen.

OVERGANG BARNEHAGE - SKULE - SFO

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, deira overgang til og oppstart i skulen. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen»(s. 33, Rammeplanen).

I Hyllestad Barnehage får førskuleborna kvar si arbeidsbok - «**Trampoline**». Det er ei leikprega arbeidsbok utarbeida spesielt for barnehagen med ulike tema og aktivitetar ein kan nytte det siste året i barnehagen. Boka har morosame teikningar, og er eit utgangspunkt for eit mangfald av undring/filosofering, samtalar og aktivitetar/oppgåver. Førskulegruppa har gruppe ilag ein gong i veka det siste året, og har fokus på ulike aktivitetar. Dei ulike aktivitetane skjer i barnehagen(inne/ute), i Kvernsteinsparken og ute i naturen/nærmiljøet på Hyllestad. Vi jobbar for å gje førskuleborna ei god gruppekjensle, god sjølvkjensle og oppleve fellesskap og venskap.

I førskulegruppa legger vi til rette for at borna skal:


- øve seg på sosial kompetanse; vente på tur, vise omsyn og hjelpe kvarandre, vise respekt for andre, helse, snakke fint med kvarandre og samarbeide.
- øve seg på å ta imot felles beskjedar.
- leike seg med og lytte til lydar og rytme i språket
- lære rim og reglar, songar og songleikar.
- bli kjent med symbol som bokstavar og tal
- utforske og leike med matematiske omgrep, telje til 20
- få kjennskap om geometriske former og fargar, mengder
- øve seg på å fortelje ei lita historie
- øve seg på å halde orden på sakene sine, gå på do åleine
- dramatisere songar og eventyr
- få kjennskap til digitale verktøy

Plan for overgang barnehage og skule i Hyllestad

Mål: Skape ein god og oversikting overgang mellom barnehagen og skulen

Delmål:

- Skape trygghet og motivasjon for ein god skulestart
- Gi god informasjon til alle parter



Barnehagen har eit godt samarbeid med skulen. «Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skule- fritidsordninga.» (Rammeplan) Førskuleborna får komme på besøk til Hyllestad skule, verte litt kjente med bygget, 1.klasse og møte fadderen sin. Styrar og pedagogisk leiar har overgangsmøte med rektor og komande 1.klasselærar(om det lar seg gjennomføre) i mai.

I forkant av overgangsmøte har barnehagen foreldresamtale på våren der vi går igjennom barnet sin trivsel, utvikling, forventningar i høve skulestart og eventuelle omsyn som er viktig for å ivareta barnet ved skulestart. Foreldra samtykkjer til opplysningane (eige skriv) som vert formidla til skulen i forkant av skulestart.



Juni 2026



UKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25 BRAGE 2 ÅR!	26	27	28
27	29	30					


Månadsnytt:

Tema: Sommar

Førskulebarna har avslutning. Vi arrangerer sommarfest i barnehagen med foreldre, søsken og ansatte. Foreldra syter for felles koldtbord. Barnehagen stiller med frukt, brødmot og is.

DEI 7 FAGOMRÅDENE

I Hyllestad barnehage jobbar vi for å gjere kvarandre gode slik at små og store skal blomstre og utvikle seg






Juli 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
27			1	2	3 SYNNE 2 ÅR!	4	5
28	6	7	8 AUDUN 3 ÅR!	9	10	11	12
29 FERIE bhg. stengt	13	14	15 MIE 3 ÅR!	16	17	18	19
30 FERIE bhg. stengt	20	21	22	23	24	25	26
31 FERIE bhg. stengt	27	28 ALEKSEJ 3 ÅR MAGNUS 3 ÅR	29	30	31		



Leik og moro!





August 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
31 FERIE bhg. stengt						1	2
32	3	4 ODIN 6 ÅR!	5	6	7	8	9
33	10 LIVE 3 ÅR!	11	12	13	14	15	16 OLINE 3 ÅR!
34	17	18 THEA 2 ÅR!	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30

Planleggingsdag i forkant av oppstart nytt barnehageår


OBSERVASJON OG VURDERING

Observasjon og vurdering er ein naturleg del av kvardagen vår. Observasjon og kontinuerleg vurdering må til for å sikre kvalitet i barnehagen, både for kvart einskild barn si utvikling og læring, men og når det gjeld barnehagen sine mange pedagogiske mål og barnehagen som samfunnsinstitusjon.

Observasjon og vurdering har ein viktig styrande effekt for livet i barnehagen.

Slik vurderer vi planar og aktivitetar:

- Systematisk vurdering og evaluering på avdelingsmøta, personalmøta og planleggingsdagane
- Gjennom samtalar og tilbakemeldingar frå barn og foreldre(foreldresamtaler)
- Ved bruk av Alle Med Skjema som verktøy for observasjon
- Årsplanen, vurdering av aktivitetar og tilbakemeldingar frå brukarane er utgangspunkt for vurdering av arbeidet vårt
- Praksisforteljingar på alle møter



DOKUMENTASJON

Barnas læring og personalet sitt arbeid må gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver, og barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.

Vi dokumenterer det borna er med på, læreprosessar og det dei gjer i barnehagen.

Slik synleggjer vi det:

- Bilete frå turar, ute-/inneleik, dramatisering, temaarbeid m.m.
 - Utstilling, der borna sine produkt og idear vert presentert.
 - "Boka mi" Kvart barn har sin perm i barnehagen, der vi tek vare på teikningar, sitat, bilete, hendingar m.m. Barnet får permen til odel og eige når det sluttar i barnehagen.
 - Praksisforteljingar
 - Dagbok på Visma app til foreldre
- 

For meir informasjon om barnehagen sitt arbeid sjå:

<https://www.udir.no/contentassets/5d0f4d947b244cfe90be8e6d475ba1b4/rammeplan-for-barnehagen---nynorsk-pdf.pdf>





September 2026



VEKE	Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lør	Søn
36	31.aug	1	2	3	4	5	6
37	7	8 EMILIE 2 ÅR!	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23 FILLIP 3 ÅR! OLE 2 ÅR!	24	25	26	27
40	28	29	30				

Tema: Haust; kva skjer med naturen om hausten. Brannvern; i veke 37, 38 og 39 vil vi ha fokus på brannvern og brannøving.

Språk og språkstimulering har vi fokus på heile tida. Vi snakkar med barna om det vi gjer i rutinesituasjonar (måltid, påkledning, stell), i lek og samspel.

